

# Østfoldmål

MEDLEMSBLAD FOR  
ØSTFOLD MÅLLAG  
NR. 1 - 2009  
21. ÅRGANG

## Invitasjon til feiring av Østfold Mållags 20-årsjubileum!

Østfold Mållag er 20 år i år, og styret vil markere jubileet med festmiddag og feiring på ein spesiell stad «midt i fylket».

**Stad: Fjeld Gård, Skjeberg**

**Tid: laurdag 17. oktober 2009 kl. 18.00**



*På menyen:  
Lammefrikassé  
( av lam som har vakse  
opp på garden)*

*Moltekrem*

*Kaker og kaffi*

*Talar og musikalsk underhaldning*

**Kuvertpris: 450,-**



Selskapet vil finne stad på hyttetunet Fjellvang som ligg for seg sjølv ned mot Isesjø. I uformelle omgivnader midt i naturen blir det eit høgtideleg måltid med fyr på peisen og eit vakkert dekt bord i ein stemningsfull tømmerbygning.

**Påmelding til [magne.aasbrenn@gmail.com](mailto:magne.aasbrenn@gmail.com)  
eller telefon/sms til 97970065.**

Påmeldingsfrist: søndag 4. oktober 2009  
(Kart til Fjeld Gård finn du på baksida av "Østfoldmål")

## Gode mållagsmedlem

Når medlemmene i Østfold Mållag nå blir inviterte til 20-års jubileumsfest på Fjeld Gård i Skjeberg, er det god grunn til å feire at rørs-la som starta med 34 språk- og dialekt-interesserte sjeler på Folkets Hus i Askim 16. mars 1989 framleis lever og driv på med sitt.

Målsettinga for laget var frå første stund todelt: å auke respekten for Østfold-dialektane og å auke respekten for nynorsk i Østfold. Når ein set opp lista over det som faktisk har skjedd i løpet av desse tjuve åra, er det mye her som dei 34 sjelene aldri kunne tenke seg ville bli røyndom: At laget er eit fylkeslag med tre lokal-lag, til dømes. At det har vore halde nynorsk gudstene- neste i Fredrikstad med bis- kopen som medlem. At det nå blir femte året på rad vi gir ut årbok. At du får kjøpt "mjølk" (rett nok berre "kul- tur"-variantane) i alle butik- kar i Østfold. At østfoldmålet har ein eigen serie på NRK Barne-TV. At det er skilta med "Noreg" på Svinesund...

Slett ikkje alt dette kan Østfold Mållag ta æra for aleine, men laget har vore ein solid pådyttar til utvik- lingsa. Når ein slik i eit jubi- leumsår oppsummerer alle oppsiktsvekkande endringar som faktisk har skjedd, så gir det god lyst til å stå på vidare.

Magne

## Innhaldsrikt hefte

I fjor kom det ut eit hefte som vil interessere mange i Østfold, men som dessverre er for lite kjent her. Heftet heiter "Vikværske vegar til målet" og har artiklar skrivne av målfolk rett frå den andre sida av Oslofjorden og mye anna som er verd å lese. Daniel Ims skriv om "Vestfoldsk - eit godt nynorsk mål- føre", Margit Ims om "Vestfoldingar som skriv nynorsk" og Håvard Tangen tar for seg det nynorske sør- austlandet, blant anna. "Kvifor ikkje" er tittelen på ein poengtert artikkel av Oslo-guten Morten Elster.

Andre skribentar i heftet har bak- grunn i Østfold Mållag: Benthe Kolberg Jansson, Tormod Ropeid og Magne Aasbrenn.

Sigurd Stette, i si tid ein av grunnleggarane av "Tællandes målungdom" skriv om nynorsk og Østfold og har ein draum om å høre ein østfoldsk programleiar i Dagsrevyen.

Heftet kostar 30 kroner og kan ting- ast hos Håvard Tangen  
h.tangen@c2i.net, tel. 934 24 325 .



## Matstova: Heimen til Sarpsborg Mållag



Sarpsborg Mållag ordna det praktiske før fylkesårsmøtet 2009 på Matstova.

Etter årsmøtet for Sarpsborg Mållag i 2009 held Ragnhild Lier fram som leiar for laget. Styret har hatt telefonmøte/telefonkon- takt gjennom det siste året. Ragnhild gjorde i tillegg ein stor

jobb som eine-redaktør for årboka "Aust i Vika" i fjor, der ho og Sarpsborg-medlemmene Ragnhild Løken og Kjellrun Hersund også bidrog med artiklar.

# Litt av kvart på gang i Indre

**I året 2008 hadde Indre Østfold Mållag berre to styremøte, men mykje uformell kontakt og ganske god aktivitet slik at arbeidsplanen for 2008 faktisk blei gjennomført. Laget har ei bokutgiving om dialektord på gang.**

I løpet av hausten blei tre studiesirkelmøte gjennomførte i samarbeid med Heen bygdekvinne-lag. Eldbjørg Skaug er studieleiar og skrivar for gruppa, og det er lagt planar også for arbeidet i 2009. Målet er å gi ut ei bok med dialektord for Heen bygdekvinne-lags område knytt til kulturhistorisk stoff, ei bok for barnebarna om oppvekst og liv frå 1940-åra og framover. Eldbjørg skriv grovmanus, og gruppa er ivrig og synest kveldane er artige. Men arbeidet vil dryge minst inn i 2010 før det er i hamn.

**Tilbod om nynorsk hjelp til vidaregåande skole**

Laget var i kontakt med hovudlærer i norsk i VG2 på Mysen vgs, og ho var glad for tilbodet og sørge for at alle fekk rundbrev, men ikkje ein einaste elev viste interesse, berre nokre mødrer, og det hjelpte lite. Det var eit vonbrot, men det er slik at til og med såkalla leksehjelp ikkje har mange brukarar i dei høgre trinna.

**Bygdas dag**

Også i år stod Indre Østfold Mållag på stand og selte Østfoldmål og Aust i vika på bygdedagen. Fylkesrådmannen kom innom og prata, men han hadde bøkene frå før! Seinare har eit par ringt og bestilt og fått kjøpe, så noko skjedd.

Kvinnene i Heen bygdekvinne-lag har kjøpt mange bøker.

**Tur**

Indre Østfold Mållag stod også bak ein fellestur for alle medlemmene i Østfold. Turen som gjekk 13. september gav inspirasjon til nokre fine tankar i siste årbok, ført i pennen av Kjellrun Hersund.

Elles kan Eldbjørg melde at medlemmene i Indre har det veldig triveleg saman når dei endeleg møtest, og det er latter og overlevnadsevne. Nye folk som er interesserte i å bli medlemmer, må berre ta kontakt med ho, som har e-post [eldbjorg.skaug@laven.no](mailto:eldbjorg.skaug@laven.no)

Nestleiar i Indre er Lisen Dahlstrøm, kasserar er Marit Westerveld, og Karin Kirkeby og Tormod Ropeid er styremedlemmer.

## Styret held fram i Fredrikstad Mållag

**Styret i Fredrikstad Mållag held fram med dei same personane som gjennomførte eit imponerende program hausten 2008.**

Marit Øgar Aasbrenn er leiar, med Marie Våtevik som nestleiar. Kasserar er Arne Kvernhusvik, og skrivar er John Heien. I styret sit også Bjørn Ivar Hansen.

Styret har hatt to møte etter årsmøtet, og medlemmene kan vente seg eit Fredrikstadmål (\*) med det

første der ting blir konkretiserte. Det er blant anna snakk om å prøve å få til ein tur til Språkrådet i Oslo før jul.

Elles så oppfordrar styret i Fredrikstad Mållag så mange som muleg av medlemmene til å bli med på 20-årsjubileet 17. oktober. Dersom ein kontaktar Marit (69 31 20 48) eller andre av styremedlemmene, kan ein koordinere kjøringa til jubileet, eventuelt få ordna skyss.

(\*) Namn på medlemsblad, har ikkje noko med ein viss fotballklubb å gjere!




**Tenk at ein skulle få oppleve dette: Nynorskpråkleg reklameplakat i Fredrikstads gater 19. februar 2009.**



# Slik finn du vegen til Fjeld Gård og jubileet:

## Om du kjem frå sør:

Kjør 7 km frå Sarpsborg sentrum i retning Ise/Rakkestad, Når du har passert rundkjøringa ved Hafslund Hovedgård, er det 4-5 minuttars kjøring langs riksveg 111 (gjennom to rundkjøringar til). Ta av til høgre frå riksvegen ca 900 meter etter avkjøringa til Hevingen golfbane. Sjå etter eit lite skilt der det står "Fjeld". Kjem du til Ise, har du kjørt for langt!



**Om du kjem frå nord:** Kjør riksveg 111 frå Rakkestad. Fjeld Gård er ei avkjøring til venstre etter Ise. Sjå etter eit lite, sørvendt skilt der det står "Fjeld". Kjem du til

Hevingen golfbane, har du kjørt for langt!

Selskapet byrjar kl. 18.00, men det er lurt å vere der til 17.30. For dei som vil spasere, er det ein fin, liten skogstur ned til lokalet ved Isesjø,

for dei med lakksko og stiletthælar sørgjer vi for biltransport heilt til døra.

**Naudtelefon om du rotar deg bort denne kvelden: 97970065.**

## Verdas første nynorske Østfold-kryssord!

Frå ein sympatisør har vi motatt dette kryssordet. Skriv i den retninga pilene viser!

		NORD-MAN-NEN	NAMN-GJETE DYR I ØST-FOLD	AMPRE, VRANGE	
		▼	▼	▼	
JAMT, LIKE-VEKTIG ▶					◀ MANN MED STORT LIVSVERK
DANS ▶					
SPRÅKMEKTIG MANN SOM VITJA FR.STAD ▶					
ILSKE ▶					
	▲ STEG I VEG, LANG UT	▲ IVER			

Ta ein kopi av svaret og send til redaksjonen! Premie frå laget eske med tidlegare publikasjonar!

**Tidleg årbok i år**  
 Årboka Aust i Vika 09 blir ferdig til jubileumstilstellinga. På forfatarlista har vi mellom mange andre Sylfest Lomheim. Kjetil Aasen, Arne Kvernhusvik, Randi Larsen, Ivar Utne, Eli Sylta, Øyvind Bremer Karlsen og Edvard Mogstad. Meir om boka i neste Østfoldmål!

### Aktuelle adresser:

**Indre Østfold Mållag** Eldbjørg Skaug, Skjørshammerlia 24, 1880 Eidsberg,  
**Sarpsborg Mållag:** Ragnhild Lier, Veslemyrvn. 11, 1715 YVEN  
**Fredrikstad Mållag:** Marit Aasbrenn, Bjørndalsvn. 47, 1605 Fredrikstad  
**Østfold Mållags nettsider:** <http://www.nynorsk.no/ml/ostfold>  
**Fredrikstad Mållags nettsider:** <http://home.online.no/~j-heien/framsida.htm>

### Østfoldmål

Meldingsblad for Østfold Mållag  
 Adresse: Bjørndalsvn.47, 1605 Fredrikstad  
 Tel. 69 31 20 48  
 E-post: [magne.aasbrenn@gmail.com](mailto:magne.aasbrenn@gmail.com)